

Sogn og Fjordane fylkeskommune
Askedalen 2,
6863 Leikanger

Søknad om støtte til Europameisterskapen i vektløfting 2016 i Førde og Naustdal.

Vi viser til orientering til fylkesordføraren i mai 2012 og til orientering for fylkesutvalet i februar 2014.

Norges Vektløftarforbund(NVF) søkte i 2013 om å få arrangere Europameisterskapen i vektløfting i Norge i 2016, med Tambarskjelvar Idrettslag som arrangerande klubb, og med Førde og Naustdal som stad for gjennomføring. Søknaden hadde skriftleg støtte frå Norges Idrettsforbund, Sogn og Fjordane Idrettskrins og dei to vertskommunane Førde og Naustdal.

Norge hadde den beste søknaden for EM vektløfting i 2016, og vart tildelt arrangementet på styremøtet i det Europeiske vektløftarforbundet (EWF) i Tallinn i september 2013. På møtet vart det uttrykt stor tillit til at Norge/Sogn og Fjordane kan gjennomføre eit godt arrangement.

Det var likevel ein klausul i vedtaket som går ut på at innan det kan skrivast avtale mellom EWF og NVF må vi dokumentere at vi kan få produsert dei timane med TV som skal ut til 55 land i Europa, og oppunder 50 millionar sjåarar, via Eurosport.

Tidsfristen for dette er sett til 3.april i år i samband med den Europeiske meisterskapen i Tel Aviv.

Vere ein del av verda, og gjere fylket vårt kjent.

Det er viktig for oss å vere ein del av verda. Slik mange nasjonar ser det som viktig å tiltrekkje seg store internasjonale arrangement bør vi i Sogn og Fjordane finne arrangement som gjer at vi er ein del av verda. Ein Europameisterskap vil også gje oss høve til å marknadsføre fylket i Norge, og i Europa.

Marknadsføringa av fylket og Vestlandet kan grovt sett sjåast i tre deler:

- 25-30 timar sport:
 - Eit EM vektløfting vil bli vist på TV via Eurosport med 25-30 timar frå alle A-gruppene til i utgangspunktet 55 land – potensielt mellom 45 – 50 millionar sjåarar. Konkurransen føregår i løpet av sju dagar, frå ein måndag til søndag. Her vil kunne synleggjerast logoar/profilar frå sponsorar og samarbeidspartar. Samtlege klassar går i reprise, og soleis er sendeflata over 50 timar ut i verda om ein tar dette med.
- 1 time ”intro-snuttar”:
 - Før alle sendingar kan ein få inn bilete frå Sogn og Fjordane/Fjord Norge i introane til sendingane. Dette kan summere seg opp til ca ein time totalt.
- Eit antal timar studio- reportasje:
 - Dersom TV2 eller NRK produserer er det svært sannsynleg at det vert studiosendingar i forkant/etterkant, med også lokale reportasjar som ein del av stoffet

Det er tre alternativ når det gjeld tv-produksjon: TV2 eller NRK, evt inn leigd produksjonsselskap frå Norge/utlandet.

Idrett, profilering, identitet, næring og kompetanse

For det norske forbundet og den lokale arrangørklubben er den viktigaste grunngjevinga for å søkje eit slikt arrangement den sportslege. Internasjonale arrangement på heimebane er ein sikker måte å heve det sportslege nivået på, og auke rekrutteringa.

For arrangørstaden, og fylket, vil det i tillegg vere næringsmessige og reiselivsmessige argument, i dette tilfelle ei betydeleg profilering av fylket i Norge og i Europa.

I tillegg kjem at det å gjennomføre slike arrangement skapar samkjensle, stoltheit og identitet. For arrangørstaden vil det også innebere utvikling av ulike typar kompetanse.

Nokre fleire fakta om arrangementet:

- Det vil erfarings messig komme ca 550 akkrediterte (tilreisande utøvarar, leiarar, trenarar, funksjonærar) til arrangementet.
- I tillegg vil det komme publikum, samt tilreisande dugnadsfolk frå vektløftarmiljø i Norge og til dels Norden.
- Konkurransane føregår i 7, dagar frå måndag til søndag.
- Mest truleg i april, dette vert i stor grad avgjort av tv-produsentar.
- Ein kan anslå at EM i vektløfting 2016 medfører 4.300 gjestedøgn.
- Med eit forbruk pr. døgn på kr.2.000 vil dette vere ein omsetnad på 8,6 Mill
- Europameisterskapen i 2016 er siste høve for løftarar frå Europa til å kvalifisere seg til dei olympiske leikane i Rio De Janeiro seinare på året. Her har vi også tru på at norske/lokale løftarar kan vere med.

Tv produksjon kostar.

Ikkje alle idrettar kan selje rettar til TV. Vektløfting er, i Norge, ein relativt liten idrett utan større kommersielt potensiale. Produksjon av sendingane vil difor koste arrangøren eit, så langt, ukjent beløp. Anslag tilseier at den reine kostanden på ein slik produksjon vil ligge på ca 2,8 millionar kroner. Det har vore forhandlingar med TV2 og NRK, og vi har ei von om at kostnaden ikkje vil ende opp høgare enn ein stad mellom kr 1 – 1,5 Mill. Grunna sjukdom hjå ein sentral samarbeidspart vart desse forhandlingane ikkje gjennomført før jul i 2013 som planlagt, men måtte utsetjast til februar i år. Det har også vore arbeid med å innhente prisar for ein slik produksjon frå britiske selskap. Vi reknar med snarlege avklaringsar.

Søknad om støtte.

Til finansiering av TV kostnadane, og som bidrag til å kunne marknadsføre Sogn og Fjordane på ein best mogleg måte ved hjelp av arrangementet, gjennom tv sendingar og anna mediedekning søker vi Sogn og Fjordane fylkeskommune om kr 1.500.000.-, fordelt på kr 500.000,- i 2015 og kr 1.000.000,- i 2016. Dei samla budsjetterte kostnadane til meisterskapen er ca kr 7.000.000,- og ein er i forhandlingar med vertskommunane Førde og Naustdal samt Norges Vektløftarforbund for å få økonomisk støtte også derifrå. Vidare har vi budsjettert med sponsorinntekter i om lag same storleik som beløpet vi søker frå fylkeskommunen, det er eit omfattande – men sær s spennande prosjekt.

Vi set stor pris på om dette i størst mogleg grad kan vere avklara til 3.april 2014, då dette er dagen for ei endeleg avgjersle opp mot meisterskapen. Vi meiner ein meisterskap som dette er viktig for Sogn og Fjordane både kva gjeld eigenkjensle for oss som bur her (vi kan få til det meste her i fylket vårt), inn mot reiselivet som har eit enormt potensiale med våre fjordar, fossar, fjell og brear, tilflytting til fylket vårt som vi sårt treng m.m. Det er viktig vi presentera oss både i Noreg og ut i den store verda, her har vi ei unik mogelegheit. Vi håpar og trur at fylkeskommunen delar dette synet.

Med helsing

Stian Grimseth/s/

Leier i hovudkomiteen EM 2016

Håkon Myrvang/s/

medlem hovudkomiteen

Olve Grotle/s/

Medlem hovudkomiteen

Dag Rune Mallasvik/s/

Leier Tambarskjelvar IL

Medlem hovudkomiteen

Per Mattingsdal/s/

President NVF

Medlem Hovudkomiteen

Anne Leversund/s/

Organisasjonsekretær S og Fj Idrettskrins

Medlem hovudkomiteen